

*Domkyrkja i Kristiansand:*

# Stulien spelar saman med Rybak

Arthur Stulien (85) og Lindesnes Trekkspillklubb er klar for storslagen Olsok-konsert i Domkyrkja i Kristiansand med sjølvaste Alexander Rybak frå Grand Prix-finalen som gjestearartist.

Av Sigurd Haugsgjerd

Stulien, som nyleg vart heidra med Audnedal kommune sin kulturpris, er stadig aktiv sjølv om han nærmar seg 85. Thomas Stanghelle og Alexander Rybak med familiar og gjester har dei siste 13 åra hatt som tradisjon å halde sommarkonsertar fleire stader på Sørlandet. Slik blir det også i år sjølv om Alexander Rybak naturleg nok har blitt ein svært travel mann etter suksessen i Melodi Grand Prix. Han blir likevel med på olsokkonserten i Kristiansand 29. juli. Thomas Stang-

helle og Alexander Rybak har hatt eit nært samarbeid like frå Alexander kom hit til landet og til Nesodden frå Kvite-Russland 5 år gammal.

## Fann tonen

Familiene fann raskt den musikalske tonen, endåtil før dei snakka same språket. Kvar sommar har dei feriert saman i Spind på Lista-landet. Det har vore utgangspunkt for mange felles konsertar og kreative påfunn. Alexander og foreldra hans, Natasja og Igor Rybak, danna blant anna basis i orkesteret til Thomas Stanghelle sin operamusikal om Ketil Moe (Some Sunny Night).



Arthur Stulien på kyrkjekonsert i Evje kyrkje nyleg. No går han sjølv på scena att for å spele med m.a. Grand Prix-vinnar Alexander Rybak. Til høgre fru Allis Synnøve Stulien.

I Olsok-konserten i år vil ein også oppleve humørspreiarane i Lindesnes Trekkspillklubb, tre generasjonar Stanghelle med sopran Mathilde (91 år), mezzo-sopran Turid, Thomas og Thomas si kone og duettpartner Ingunn Ro-

land Stanghelle pluss Alexander sine foreldre, Natasja og Igor Rybak på piano og fiolin. Politisk redaktør i Aftenposten, Harald Stanghelle kåserer. Olsok-konserten 29. juli har såleis eit program som femner om fleire sjangrar.